



## Søknad om driftskonsesjon i henhold til mineralloven § 43

### Skjemaet med vedlegg sendes til:

Direktoratet for mineralforvaltning  
med Bergmesteren for Svalbard  
Postboks 3021 Lade  
7441 Trondheim

E-post: [mail@dirmin.no](mailto:mail@dirmin.no)  
Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50  
Hjemmeside: <http://www.dirmin.no>

### LES VEILEDNINGEN FØR DU FYLLER UT SKJEMAET

| 1. Opplysninger om søker                     |                          |   |             |
|--|--------------------------|---|-------------|
| Fullstendig navn/firma<br>Turufjell drift AS |                          | Organisasjonsnummer<br>920 435 696                                      |             |
| Postadresse<br>Sentrumsvegen 24              |                          | Postnummer<br>3539  | Sted<br>Flå |
| Land<br>Norge                                |                          | Hjemmeside<br><a href="http://turufjell.no">turufjell.no</a>            |             |
| Telefonnummer<br>90507984                    | Mobiltelefon<br>90507984 | E-postadresse<br><a href="mailto:tim@turufjell.no">tim@turufjell.no</a> |             |

| 2. Opplysninger om området                                 |   |  |
|--|---|--|
| Navn på uttaksområdet/uttaket<br>Masseuttak ved Sprentjern | Uttaksområdets gårds- og bruksnummer<br>0615 - 10/352 | Kommune<br>Flå kommune                           |
| Størrelse på omsøkt areal (daa)<br>39                      | Anslag totalvolum uttak (m <sup>3</sup> )<br>290000   | Forventet årlig uttak (m <sup>3</sup> )<br>15000 |

| 3. Opplysninger om forekomsten |   |                          |                                      |
|--------------------------------|---|--------------------------|--------------------------------------|
| 3.1.                           | Hvilken mineralkategori tilhører forekomsten?   | Grunneiers mineraler     | <input checked="" type="checkbox"/>  |
|                                |   | Statens mineraler        | <input type="checkbox"/>             |
| 3.2.                           | Drives det på forekomsten i dag?  | Ja <input type="radio"/> | Nei <input checked="" type="radio"/> |
| 3.3.                           | Beskrivelse av forekomsten (type mineralforekomst, kvalitetsvurdering, anvendelser av råstoffet):<br><br>Uttaksområdet består ifølge ngu.no av amfibolitt og hornblendegneis. I månedsskifte februar/mars vil det bli tatt prøver i uttaket og sendt til analysering. Då vil ein få ein betre oversikt og kvalitetsvurdering av råstoffet. Steinen skal nyttast i samband med opparbeiding av infrastruktur og tomter innanfor areal avsett i områdeplan for Turufjell. |                          |                                      |



#### 4. Forholdet til plan- og bygningsloven (pbl.)

4.1. Angi hvilket arealformål området har i kommuneplanens arealdel LNF

4.2. Finnes det en godkjent reguleringsplan for området det søkes om konsesjon? Ja  Nei

**Hvis ja**, oppgi navn på planen og vedtaksdato:

Navn på plan: Områdeplan Turufjell

Vedtaksdato: 17.08.2017

**Hvis nei:**

Er det varslet oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja  Nei

Er det gitt andre tillatelser etter pbl. for terrenginngrep i omsøkt område? Opplys om hvilke

#### 5. Vedlegg til søknaden

**Med søknaden skal alltid vedlegges:**

5.1. Dokumentasjon på utvinningsrett til forekomsten

- For grunneiers mineraler: Kopi av signert leieavtale om uttak med grunneier, eller dokumentasjon på grunnbokshjemmel

- For statens mineraler: Oppgi rettighetsnummeret(ene)

5.2. Kart der omsøkt område hvor det foreligger utvinningsrett er tydelig inntegnet i målestokk 1:1000-/1:2000.

5.3. Gi en kort firmapresentasjon.

5.4. Redegjørelse for den kompetanse selskapet har for driften av det planlagte uttaket. Gi en oversikt over bergfaglig og annen teknisk kompetanse i organisasjonen.

5.5. Forslag til driftsplan, inkludert avslutningsplan. Driftsplanen skal være i samsvar med DMFs krav til driftsplaner.



5.6. Oversikt over økonomiske forhold:

5.6.1. For uttak som allerede er i drift:

- Godkjent årsregnskap for de siste to år

5.6.2. For nye uttak, eller tidligere uttak med nytt driftsselskap:

- Driftsbudsjett for det omsøkte uttaket for de 3 første driftsår

5.7. Vurdering av behovet for at det stilles økonomisk sikkerhet for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak, herunder forslag til form for og størrelse på sikkerheten.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter (nærmeste naboer, eller brukere av området).

5.9. Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

Kontonummer for innbetaling: 7694.05.05883

Gebyret er kr. 10.000. Dersom søknaden gjelder uttak som krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger (26.juni 2009 nr. 855), er gebyret kr. 20.000.

**Merk innbetalingen med Driftskonsesjon, navn på uttaket/uttaksområdet og navn på søker**

**6. Eventuelle tilleggsopplysninger**

Til punkt 4.2; 31.08.2017 vart det varsla oppstart på «Detaljplan for masseuttak ved Sprentjern – BKB\_BSM/BVA/BL Turufjell» PLID 2017003. Flå kommune la reguleringsplanen ut til offentlig ettersyn etter §12-10 i plan- og bygningslova 15.januar 2018. Høyringsfrist er 02. mars 2018. Målet er at Flå kommune vedtek planen i mars 2018.

*Direktoratet for mineralforvaltning kan kreve flere opplysninger dersom man finner det nødvendig for behandling av søknaden.*

**7. Underskrift**

Sted og dato

Flå 07.03.2018

Underskrift

*Tom Mathiesen Rasmussen*  
*Huset Child*

∴\_\_\_\_\_∴

# Driftsplan masseuttak ved Sprentjern - BKB-BSM/BVA/BL Turufjell



∴\_\_\_\_\_1\_\_\_\_\_∴

∴ \_\_\_\_\_ ∴

## 0 INNLEIING

Denne driftsplanen for masseuttak ved Sprentjern - Turufjell er utarbeidd på grunnlag av reguleringsplan «Detaljplan for masseuttak ved Sprentjern - BKB\_BSM/BVA/BL Turufjell».

Flå kommune la reguleringsplanen ut til offentlig ettersyn etter §12-10 i plan- og bygningslova 15.januar 2018. Høyringsfrist er 02. mars 2018. Flå kommune vedtok planen i mai 2018. Driftsplanen er utarbeida etter «Veileder for og krav til driftsplaner ved uttak av mineralske råstoffer fra fast fjell og løsmasser i dagen».

Driftsplanen skildrar korleis tiltakshavar planlegg å utnytte ressursane.

## INNHALD

|   |           |
|---|-----------|
| <b>0 INNLEIING</b> .....                          | <b>2</b>  |
| <b>INNHALD</b> .....                              | <b>2</b>  |
| <b>1 SKILDRING AV TILTAKET</b> .....              | <b>3</b>  |
| GENERELT.....                                     | 3         |
| ORGANISERING.....                                 | 3         |
| <i>Tiltakshaver</i> .....                         | 3         |
| <i>Entreprenør</i> .....                          | 3         |
| OMFANG.....                                       | 4         |
| <b>2. AVTALAR OG RETTAR</b> .....                 | <b>5</b>  |
| GRUNNEIGARAR.....                                 | 5         |
| UTSLEPPSLØYVE/FORUREINING.....                    | 5         |
| <b>3. REGULERINGSPLAN</b> .....                   | <b>6</b>  |
| SKILDRING AV REGULERINGSPLAN.....                 | 6         |
| REGULERINGSPLANDOKUMENTA.....                     | 6         |
| <b>4. DRIFTA</b> .....                            | <b>7</b>  |
| KARTGRUNNLAG.....                                 | 7         |
| TEIKNINGAR.....                                   | 7         |
| DRIFTSPLAN.....                                   | 8         |
| <i>Type drift</i> .....                           | 8         |
| <i>Førekost</i> .....                             | 8         |
| <i>Område for masseuttak og lagring</i> .....     | 9         |
| <i>Etappar</i> .....                              | 9         |
| <i>Driftstider</i> .....                          | 9         |
| <i>Sikring</i> .....                              | 9         |
| <i>Rensk av brotvegger</i> .....                  | 9         |
| <i>Prosedyre for varsling</i> .....               | 10        |
| <i>Støy</i> .....                                 | 10        |
| <i>Støv</i> .....                                 | 10        |
| <i>Vatn</i> .....                                 | 10        |
| <i>Kulturminne</i> .....                          | 10        |
| <i>Skjermingssone</i> .....                       | 10        |
| <i>Anleggsvegar</i> .....                         | 10        |
| <b>UTTAKSOMRÅDE</b> .....                         | <b>11</b> |
| <b>AVLUTTINGSPLAN</b> .....                       | <b>11</b> |
| <i>Rensk av brotvegger</i> .....                  | 12        |
| <i>Tiltak mot erosjon og frostsprenging</i> ..... | 12        |

∴ \_\_\_\_\_ ∴


## 1 SKILDRING AV TILTAKET

### Generelt


Masseuttak ved Sprentjern ligg i Flå kommune ca 1 mil nord for sentrum.

Hausten 2017 vedtok Flå kommune områdeplan for Turufjell som omfattar et område på 13,7 km<sup>2</sup> som skal tilretteleggast for rundt 2000 fritidseiningar med tilhøyrande infrastruktur og aktivitetar. I samband med opparbeiding av området er det stort behov for massar.

For å spare tid, transport, miljø og kostnader vart det som ein del av områdereguleringa sett av eit område ved Sprentjern til uttak av massar lokalt.



Grunnkart frå norgeskart med planavgrensning i svart.



Skråbilete google earth med reguleringsplan.

### Organisering

#### Tiltakshaver

Tiltakshaver og byggherre for masseuttak ved Sprentjern er Turufjell AS

Firma namn og adresse: Turufjell drift AS  
Sentrumsvegen 24  
3539 Flå

Kontaktperson: Tim Midtskau Rønningen


Tlf: +47 905 07 984  
E-post: [Tim@turufjell.no](mailto:Tim@turufjell.no)  
WEB: [www.turufjell.no](http://www.turufjell.no)

Org.nr: 920 435 696

#### Entreprenør

Turufjell drift AS er hovudentreprenør for uttak av massar ved Sprentjern. Desse vil knyte til seg firma for utføring av sprenging og knusing av massane.

∴ \_\_\_\_\_ ∴  
**Omfang**



Som plankartet over syner er det innanfor områdeplan for Turufjell sett av utbyggingsområder, skiformål, parkering og vegar. De skal kunne etablerast om lag 2000 fritidseiningar med tilhøyrande infrastruktur som vegar og kabel- og VA-anlegg.

Det er svært usikkert kor mykje stein som er nødvendig å ta ut i masseuttaket ved Sprentjern då terrenget i hovudsak består av bart fjell, stadvis med tynt dekke. Det finnes stadvis tynne moreneavsetningar samt ein hel del torv og myr. Det vil derfor kunne bli ein del sprenging i samband med opparbeiding tomter. Det er ikkje lagt utbyggingsområder i myr

Planområdet for masseuttaket ved Sprentjern er på ca 39 daa og ligger på eigeidom med gards- og bruksnummer 10/352. Planen omfattar formålsgrensa i overordna plan i tillegg til et belte på 35 meter som vegetasjonsskjerm rundt uttaket, samt et lite område i forbindelse med omlegging av vegen inn til uttaksområdet.

Det kan takast ut inntil 290 000 m<sup>3</sup> faste massar ned til kote +572 i uttaket. Det er lite jordmassar i området. Vegetasjon, topp- og undergrunnsjord skal takast av og lagrast på område. Vegetasjonsdekket skal leggst tilbake over området utan komprimering etter at området er fylt opp igjen. Masseuttaket vil skje i opparbeidingsperioda til Turufjellområde. Drifta er planlagt slik at fjellet vert knust og sikta på staden. Transport av massar vil skje lokalt i området. Massar til å fylle opp igjen terrenget kjem frå lokalområdet i samband med opparbeidinga av infrastruktur og tomter.

## 2. Avtalar og rettar

### Grunneigarar

Heimelshavar innanfor planområdet er:

| Eigedom Gbnr. | Storleik                | Tinglyst eigar |
|---------------|-------------------------|----------------|
| 10/352        | 2 673 295m <sup>2</sup> | Turufjell AS   |

Det er berre delar av eigedomen som skal nyttast til masseuttak. Planområdet er utmark langt frå bustader. Grunneigar og naboar vert difor lite råka av tiltaket.

### Utsleppsløyve/forureining

Det er ikkje søkt om utsleppsløyve for tiltaket. Det vert sendt melding til Fylkesmannen før oppstart med uttak av massar.

Det er vere aktuelt å ta imot reine overskotsmassar frå utbygging i området. Det er i reguleringsføresegnene opna for produksjon og foredling av tilkøyrd massar med atterhald om at desse er reine (ikkje forureina grunnmasse, stein, og mindre mengder røter) for oppfylling og istandsetting av ferdige uttatte områder.


Tiltaket vil medføre støy. I reguleringsplan er det gjort vurderingar rundt støytilhøve frå masseuttaket etter rettleiar T-1442/2016. Steinbrotet ligg godt skjerma frå omgjevnadene. Ved full utbygging av Turufjell vil næraste fritidsbygning i eller nær området ligge ca. 425 meter frå ytterkanten på masseuttaket. Erfaring frå tilsvarande masseuttak gjer, om ein tek godt i, grenseverdi for støy i 4 m høgd på ein avstand frå ytterkant i masseuttaket på mellom 100 og 150 meter. Driftstid saman med avstand gjer at ein har funne støyplaga til å vere liten.

Størst produksjon av støv vil truleg komme som følge av transport av massar. Det er viktig at vegane i området vert salta for å dempe støv i tørre periodar. Vidare vil plassering av massehaugar ha verknad på støv frå sjølve uttaket. Det er viktig at massehaugar blir plassert i le og minst mogleg utsett for støvflukt.



### 3. Reguleringsplan

#### Skildring av reguleringsplan



Masseuttaket vil skje innanfor område synt med gul skravur på planteikning.

Gjeldene reguleringsplan for masseuttaket ved Sprentjern er pr. 01.03.2018 "Områdeplan for Turufjell" PLID 2016004 i planen er det sett opp i føresegnene krav om utarbeiding av Detaljreguleringsplan for masseuttaket.

31.08.2017 vart det varsla oppstart på «Detailplan for masseuttak ved Sprentjern - BKB\_BSM/BVA/BL Turufjell» PLID 2017003. Flå kommune la reguleringsplanen ut til offentlig ettersyn etter §12-10 i plan- og bygningslova 15.januar 2018. Høyringsfrist er 02. mars 2018. Målet er at Flå kommune vedtek planen i mars 2018.

Reguleringsplanane er utarbeidd av Arkitekturhagen AS

Reguleringsplan dekkjer eit område på ca. 39,2 daa.

#### Reguleringsplandokument

Reguleringsplanforslaget består av:

- Plankart, dagsett 21.11.2017
- Planføresegn, dagsett 23.11.2017
- Planomtale, dagsett 21.11.2017
- 

Reguleringsplanforslaget er lagt ved søknaden om driftskonsesjon.

∴\_\_\_\_\_∴

## 4. Drifta

### Kartgrunnlag

Digitalt kart er henta frå Flå kommune og er i sosi-nivå 4, NN2000, UTM sone 32. Kartet har 1-meters koter.

### Teikningar

Følgjande teikningar er utarbeidde og ligg ved driftsplanen:

| Teikningsnr. | Skildring                | Storleik | Målestokk   |
|--------------|--------------------------|----------|-------------|
| 201          | Oversiktsplan            | A3       | 1:15000     |
| 202          | Snitt A-a                | A3       | 1:750/1:250 |
| 203          | Snitt B-b                | A3       | 1:750/1:250 |
| 204          | Snitt C-c                | A3       | 1:750/1:250 |
| 205          | Snitt D-d                | A3       | 1:750/1:250 |
| 206          | Snitt B-b avslutta uttak | A3       | 1:750/1:250 |
| 207          | Snitt D-d avslutta uttak | A3       | 1:750/1:250 |
| 301          | Eigedomskart             | A2       | 1:5000      |
| 901          | Fasar                    | A3       | 1:1000      |
| 902          | Fase 1                   | A3       | 1:1000      |
| 903          | Fase 2                   | A3       | 1:1000      |
| 904          | Fase 3                   | A3       | 1:1000      |
| 905          | Sikringsplan             | A3       | 1:1000      |
| 906          | Avsluttingsplan          | A3       | 1:1000      |

∴\_\_\_\_\_∴

∴\_\_\_\_\_∴

## Driftsplan


### Type drift

Tiltaket er å ta ut faste fjellmassar som skal knusast og nyttast i samband med opparbeiding av infrastruktur og byggeaktivitet innanfor områdeplan for Turufjell. I hovudsak vil massane forelast til ulike fraksjonar av grus, pukk og stein. Det er ikkje aktuelt med eksport til offentlege bygg eller produksjon av betong og asfalt. Det er ikkje sett krav til testing av mekanisk styrke og slitestyrke.


Overflata er delvis fjell i dagen og delvis tunne lag med lausmasser og vegetasjon. Overflatemassane vert teke av og lagra for å ta vare på frøbanken i vegetasjonsdekket. Desse massane skal leggast tilbake over området etterkvart som masseuttaket vert avslutta. Slik vil naturleg vegetasjon bli reetablert.

Område er ei fjellskjering langs eksisterande traktor veg inn i området. Fjellskjeringa er om lag 8 meter høg. Fjellknausen stikk over terrenget med ei lokal vatn i bakkant.

### Førekomst



Bergrunnskart (kilde:WSM NGU)



Lausmassekart (kilde:WSM NGU)

Lausmassane består i hovudsak av bart fjell/stadvis tynt dekke. Berggrunn i området er ifølge ngu.no amfibolitt, glimmergneis og hornblendegneis. Steinen er antatt å gi eit sluttprodukt med middels kvalitet.

Bergarten kan vere utsett for "radonproblemer". Tilkøyrd masse som skal nyttast under eller rundt konstruksjonen, bør ha dokumentert låg radonavgassing. Dette er spesielt viktig der tilkøyrd masse vert lagt over radonsperra.

Det må takst prøver av massane ved start og gjennom uttak av massane. Desse prøvene vil gje ein svar på radoninnhaldet i massane og vere med å seie noko om behovet for å ta prøver av massane under produksjon for å sikre at massane oppfyller krav.

Det er pr. i dag ikkje teke prøver av uttaket, men frå synfaring på staden ser fjellet i området ut til å vere einsarta og ha minimale sprekkdanningar. Dette gjer små geologiske utfordringar. Gjennom uttak vil ein sjå eventuelle kvalitetsvariasjonar innan området. Steinen er antatt å gi eit sluttprodukt med middels kvalitet.

∴\_\_\_\_\_∴

## Område for masseuttak og lagring



Bildet viser austre kant av masseuttak sett mot sør.

Masseuttaket vil skje innanfor område vist på vedlagde teikningar. Uttaket vil skje i samsvar med etappeinndelinga på planteikningane.

Lausmassane vert teke av og lagra på området. Knusing og lagring av ferdig produsert massar vert på området.

### Etappar

Drift for uttak av massar er delt i 3 etappar, Fase1, fase 2 og fase 3. For å få tilgang til dei ulike etappane skal det etablerast anleggsveggar inne i område.

### Driftstider

Driftstida for knuseverket er 7-19 på kvardagar. Graving, lasting og transport av masser kan skje på kvardagar heile året.

Sprenging og knusing av steinmasser skal konsentrerast til maks 3 gonger i året og ha en varighet på maks 30 arbeidsdagar pr. gang.

### Sikring

Området skal til ei kvar tid vere forsvarlig sikra for menneske og dyr. Uttaksområdet skal være utilgjengelig for ålmenta med gjerder, bom og skilt. I driftsperioda skal området vere sikra ved hjelp av gjerde med minimum høgde på 1,7 meter. Gjerdet må inspiserast kvar vår og haust. Driver/tiltakshaver er ansvarlig for nødvendig sikring av uttaket.

Etter at uttaket er avslutta skal området ha ei trygg terrengmessig utforming. Ved avslutting med lausmassar skal skråning ikkje ha brattare helling enn 1:2. Alle skråningar skal revegeterast. Ved avslutting med brotvegg skal det lagast pallar. Etter avslutta uttak skal området nyttast til lagerområde for verksemd i området. Sikringsgjerde sett opp under uttak skal verte ståande.

### Renk av brotveggar

For bruddveggar skal det etterkvart som arbeidet går fram gjerast ein maskinrensk. Etter dette går ein over og gjer ein spettrensk. Bolting skal skje ved behov.

### Prosedyre for varsling

Det skal lagast varslingsprosedyre for sprengingsarbeida. Den skal innehalde følgjande punkt:

- Alle ansatte, eventuelle underentreprenørar og andre som ferdast på anleggsområdet er pliktige til å følgje skytebasen sine anvisningar og trygggleiksrutinar
- Alle folk og bilar skal evakuerast ut av massetaket når skytebasen gir ordre om dette
- Vaktpostar skal settast ut når skytebas gir ordre om dette avhengig av storleik og retning på skytinga
- Sirene vert starta før salva vert avfyrt
- Skytebasen er ansvarleg for å varsle om at faren er over og arbeid kan starte igjen

### Støy

Tiltaket vil medføre støy. Veileder T-1442/2016 er nytta i samband med regulering ved vurdering av moglege støyproblem. Det er to typar støy som er vurdert:

- Støy frå masseutvinning og bearbeiding.
- Støy i samband med massetransport.

I reguleringsplan er det vurdert at det ikkje er behov for støyskjermande tiltak utover vegetasjonsskjermer.

### Støv

Størst produksjon av støv vil nok truleg komme som følge av transport av masser. Det er viktig at vegane i området vert salta for å dempe støv i tørre periodar. Vidare vil plassering av massehaugar påverke støv frå sjølve uttaket. Det er viktig at massehaugar blir plassert i le og minst mulig utsatt for støvflukt.

### Vatn

For å tilfredsstillere vannforskriftens §12 er viktig at overflatevatn i uttaksområde blir drenert ut på ein slik måte at finstoff kan sedimentere før avrenning til terreng/vassdrag. I reguleringsplan er det foreslått å etablere ein fangdam slik at slam kan bli avsett inne på området. Fangdam må etablerast og alt overflatevann skal ledast til terreng sør og øst for planområdet.

Det etablerast prøvetakingspunkt oppstrøms og nedstrøms uttaket. Det skal etablerast prøvetakingsprogram før drifta starter. Dette skal godkjennast av kommunen. Prøvene skal analyserast av akkreditert prøvetakingslab.

### Kulturminne

Fylkeskommunen føretok i 2015 arkeologiske registreringer i planområdet for Turufjell. Det blei ikkje funne nokon automatisk freda eller nyare tids kulturminner der massetaket er planlagt, jfr. brev med rapport datert 29.06.2015.

### Skjermingssone

På grunn av topografien på stadet og ved å bevare ein god vegetasjonsskjerm rundt hele uttaket vil tiltaket kun synast lokalt i et svært avgrensa område. Det er lagt inn føresegn som regulerer skjøtsel for best mulig skjerming mot uttaket.

### Anleggsvegar

Utlasting av massar frå masseuttaket går til areal innan heile områdeplan. Midlertidige anleggsvegar inne i området vert etablert, anleggsvegar vert fjerna etter kvart som massar vert teke ut, og dei ikkje skal brukast lengre.

## Uttaksområde

Uttaksområdet består av fase 1, fase 2 og fase 3. Området dekker eit areal på ca. 14 daa.

Driftsretning er vist med pil-symbol på planteikningane.

Uttaket startar med fase 1 og vert avslutta med fase 3 i samsvar med teikningsnummer 901-904. Ein sprenger ei sjakt inn langs uttaksgrensa mot sørvest. Vidare vert uttaket drive mot nord til ein når avgrensing for fase 2 og vidare til fase 3. Uttak av massane skjer ned til nivå på kote +572. Dei tre fasane vert sprengt ut i fleire salver og med pallhøgder på ca 7 m og hylle på ca 5 meter som avsluttande brotkant.

Anleggsvegar vert etablerte for å koma til og fjerna vegetasjon og jord før uttaket av massar. Anleggsvegar vert og etablert inne på området i samband med handtering og utkøyring av ferdige produkt.

Totalt omfang stein er ca. 290 000 fpm<sup>3</sup>.

Knusing og lagring av ferdig knust stein skjer lokalt på området.

Anslagsvis gjennomsnittleg årleg uttaksmengd er ca. 15 000 m<sup>3</sup> fast masse. Det vil då vere aktivitet i uttaket i ei periode på ca. 19 år. Det vert presisert at tidsperspektivet som er angitt for antatt uttakstid for hele uttaket, er basert på tenkt etterspørsel. Ei endring i marknad og etterspørsel vil føre til at total driftstid vert endra.


## Avluttingsplan

Istandsetting av uttakets permanente ytterkant skal gjerast fortløpande. Heile uttakssona skal tilretteleggast for at stedefegen vegetasjon skal kunne reetablere seg når drifta av steinbrotet er avslutta. Avdekkingsmassar skal lagrast gjennom driftsfasen for seinare istandsetting.

Bergskjeringane skal rundast i overkant slik at de ikkje framstår så markert. Det skal leggest jordmasser opp mot bergskjeringane og på pallehyller, både for å redusere høgda og for å legge til rette for at ny vegetasjon skal etablere seg i området.

Det skal etablerast nye skogbryn på toppen av bergskjeringane. Eventuelle framtidige massedeponi skal i første omgang leggest opp mot bergskjeringane langs kantane for å mjuke opp dei harde formane. Også massedeponi ute på flata skal ha avrunda former og vere tilrettelagt for revegetering.

Dei deler av området som ikkje er bruk i samband med formål lager eller vatn- og avløpsanlegg skal settast i stand og tilbakeførast til LNF-område.



Prinsipp for avslutta situasjon i masseuttaket

### Rensk av brotvegger


Innanfor nærområdet som masseuttaket skal betene skal det oppførast omlag 2000 fritidseiningar. I samband med opparbeiding av tomter, vegar og annan infrastruktur vil det bli store mengder avdekkings-, overskudds- og skrapmassar. Desse skal nyttast til tilbakeføring av terrenget i masseuttaket. For brotveggar som ikkje vert fylt ned skal det gjerast ein sluttrensk. Det skal etterkvart som området vert sett i stand gjerast ein sjekk på pallar og brotveggar. Er det lause parti skal desse takast ned eller boltast.

### Tiltak mot erosjon og frostsprenging

Frå sedimenterins-/fangdam skal det etter endt uttak etablerast ein naturleg vassveg for vatn innafør området å nå Olaseterbekken. Nytt bekkefar må sikrast mot erosjon ved feks. plastring.

### Tiltak for håndtering av avrenning

Avrenning frå området etter endt drift skjer avrenning frå området via etablert fangdam. I 2 år etter avslutta drift skal det haldast fram med å ta vassprøver for å avdekke om eventuelle finpartiklar eller miljøskadelege stoff når Olaseterbeken. Skulle det vise seg å vere det må rensing av vatn frå området halde fram problemet er borte.



|             |            |
|-------------|------------|
| Linjesymbol | Plangrense |
|-------------|------------|


### Masseuttak ved Sprentjern

|            |                |          |              |
|------------|----------------|----------|--------------|
| Dato       | Konstr. Regnet | Godkjent | Målestokk    |
| 19.06.2018 | THH            |          | 1:15000 (A3) |



|               |                 |               |
|---------------|-----------------|---------------|
| Oversiktsplan | Erstatning for: | Erstattet av: |
| Driftsplan    |                 | 201           |
| Henvising:    | Beregning:      |               |





**Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)**

- Angitt bebyggelse og anleggsformål kombinert

**Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)**

- Kjørveg
- Annen veggrunn - grøntareal


**Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (PBL § 12-5, nr. 5)**

- Vegetasjonsskjerm

**Linjesymbol**

- Plangrense
- Formålsgrense
- Teiggrense


|                                  |                    |                         |                        |
|----------------------------------|--------------------|-------------------------|------------------------|
| <b>Masseuttak ved Sprentjern</b> |                    |                         |                        |
| Dato: 19.06.2018                 | Kontr. tegnet: THH | Godkjent:               | Målestokk: 1:5000 (A2) |
| Eigedomskart<br>Driftsplan       |                    | Arkitekt: ARKITEKTHAGEN |                        |
| Etablert av:                     |                    | 301                     |                        |
| Hensening:                       |                    | Beregning:              |                        |



- Fase 1
- Fase 2
